

# Trygg og framtidisretta



## Landbruksplan

2016-2026

Vedtatt Time kommunestyre 20.06.2017



Time kommune





# Innleiing

Time er ein av landets største landbrukskommunar produksjonsmessig, med ei landbruksnæring som investerer og satsar på framtida innan matproduksjon. Jordbruksareala her på Jæren er blant dei beste i landet. Landbruksnæringa har vore og er utgangspunktet for eit framtidsretta teknologimiljø på Jæren.

Kommunen ønskjer eit livskraftig og framtidsretta landbruk. Jæren har naturgitte og sær gode forhold for effektiv storproduksjon for å sikra matforsyning ikkje berre lokalt og regionalt, men også nasjonalt. Time kommune er stolt av å vera ein viktig bidragsytar i landet sin jordbruksproduksjon, og ønskjer å ha god kunnskap om og bidra til utvikling av jordbruket som ei viktig næring i kommunen.

Time kommune ønskjer å bidra til ei berekraftig landbruksnæring på Jæren. Det grunnleggjande behovet for mat må sikrast for komande generasjonar gjennom å ta vare på god jordbruksjord.

Landbruksnæringa er viktig for sysselsetting, busetting og verdiskaping. Eit sosialt og fagleg sterkt landbruks- og gardbrukarmiljø er viktig for kvart enkelt bruk og for samfunnet. Landskapsbildet, ope kulturlandskap, turstiar og fugle- og dyreliv er verdiar knytt til landbruket.

Stortinget sin nasjonale jordvernstrategi frå 2015 har mål om å styrkja jordvernet vesentleg. Globalt forsvinn det jordbruksjord tilsvarande 30 fotballbanar kvart minutt. I Norge er berre tre prosent av areala i landet nytta til å produsera mat.

Til tross for det vert over 20 000 dekar jord kvart år mellom anna omdisponerte til bustad-, industri- og samferdselsformål.

Time kommune skal vera ein aktiv landbrukspolitisk aktør innanfor dei rammene og dei delegerte oppgåvene som følgjer av lover, forskrifter og lokale vedtak. Kommunale planar og regionale og statlege forskrifter og retningslinjer legg føringar for kommunen sitt samla arbeid med jord- og skogbruk.

Landbruksplanen for Time kommune 2016-2026 er det politiske styringsdokumentet for prioriteringar innanfor dette samfunnsområdet. Eit langsiktig perspektiv er avgjerande. Planen byggjer opp under dei overordna mål og strategiar som går fram av samfunnsdelen til kommuneplanen for Time 2015-2027. Landbruksplanen gjev innspel til revisjon av arealdelen av kommuneplanen. Dei økonomiske prioriteringane vil verta gjorde i økonomiplanen.

Landbruksplanen inneheld først bakgrunn om landbruksnæringa i Time. Vidare vert det gjeve oversikt over utfordringar som landbruket i kommunen står ovanfor i dag og dei komande åra inndelt i tema jordvern og matproduksjon, kulturlandskap, miljø, friluftsliv og rekreasjon, samt risiko og sårbarheit. Satsinga innanfor kvart tema vert omtalt og det er utarbeidd mål «dette ønskjer me» og strategiar «slik vil me gjera det». Konkrete tiltak går fram av handlingsprogrammet.

# 1 Landbruksnæringa i Time

Time kommune har eit klima, jordsmonn og topografi som gjer at areala er svært godt eigna til allsidig jordbruksproduksjon. I den vestre delen finn me det typiske litt bølgjande, men likevel relativt flate, jærlandskapet. Her ligg størstedelen av den mest verdifulle jordbruksjorda, og her finn me i dag dei største områda med dyrka mark.

Mot aust finn me eit anna landskap, eit meir kupert og variert heielandskap med mange vatn og bekkar. Her ligg gardane meir spreidde, og areala er i større grad dominerte av beitemark med lynghei og myr, og med nokre skoglappar innimellom. Time har saman med nabokommunane Bjerkreim, Gjesdal og Hå nokre av dei største samanhengande områda med kystlynghei i Norge.


## 1.1 Status

### 1.1.1 Generelt

Jordbruket på Jæren er i stor grad prega av effektivisering. Av dei følgjande figurane går det fram at talet på sysselsette i næringa går ned, samtidig som produksjonen stadig aukar.


I 2016 arbeidde 5,2 % av dei sysselsette i Time i landbruksnæringa .

Det er ein nedgang i talet på fulltidssysselsette i landbruket. Delen kvinner av dei som er sysselsette i landbruket er på 28 %.



Figur 1: Fordeling sysselsette i Time i 2016

<sup>1</sup>Kjelde: frå SSB.




Figur 2: Utvikling tal sysselsette i landbruket i Time 2010-2014 (ikkje data for 2015-2016)

I kommuneplanen sin arealdel for 2011-2022 er landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) inndelt i «LNF-område generelt», «område av særleg stor verdi for landbruk» og «kjerneområde for landbruk». «Kjerneområde for landbruk» er i samsvar med Regionalplan for Jæren. Det aller meste av jordbruksarealet inngår som LNF-areal.

I Kommuneplan for Time kommune 2011-2022, reguleringsplan 0458 og Interkommunal kommunedelplan Bybandet sør er det planlagt omdisponert om lag 1615 daa, areal vist som offentlig grøntareal og idrett er ikkje inkludert (om lag 260 daa). På 144 daa er regulering starta og 165 daa er nyleg regulert eller er under utbygging.

Det totale landarealet i kommunen er 169 964 dekar. Jordbruksarealet er 83 285 dekar. Av dette er 43 911 dekar fulldyrka<sup>2</sup>, 358 dekar er overflate-dyrka<sup>3</sup> og 39 016 dekar er innmarksbeite. Av totalt areal i kommunen utgjør fulldyrka areal om lag ein fjerdepart. Av dette vert 97 % nytta til grasproduksjon. Det er framleis dyrkbart areal igjen i Time, men då av langt dårlegare kvalitet og i ei anna klimasone.

Talet på landbrukseigedommar og tal på busette på landbrukseigedommane har vore stabilt den siste



Figur 3: Fordeling av landarealet i kommunen i 2016 (Kjelde: SSB).

femårsperioden. Det var 426 landbrukseigedommar i 2015, 339 av desse med busetting, og dei har til saman 1522 busette. Dette utgjør 8,2 % av dei busette i Time.

### Leigejord

Andelen leigejord har på landsbasis auka mykje dei siste tiåra. Dette er òg tilfelle her i kommunen. I Time var delen leigejord 8,1 % i 1996. I 2016 er delen stege til heile 37,3 %, som er om lag same %-del som for Rogaland sett under eitt.

### 1.1.2 Jordbruk

Landbruket i Time er tradisjonelt, grovførbasert husdyrhald med mjølke- og kjøttproduksjon som berejelkane. Det er òg ein stor del kraftfôrbasert produksjon; særleg gris og kylling der volumet har auka mellom anna som fylgje av utvida konsesjonsgrenser.


Pr 1.1.2016 var det 239 personar som søkte om produksjonstilskott. Det er ein nedgang på om lag 22 % frå 2006.

Omfanget av arealet det vart søkt om tilskott på har sidan 2006 gått noko ned, men har frå 2010 vore nokså konstant og ligg i 2016 på om lag 79 600 daa.


<sup>2</sup>Arealet er nytta til åker eller grasproduksjon og kan fornyast ved pløying.

<sup>3</sup>Arealet er rydda og jamna i overflata


**Oversikt over dei viktigaste produksjonane i Time kommune sett i forhold til Rogaland og til heile landet:**




*Mjølkekvoten i Rogaland utgjør 18 % av den totale kvoten i Norge.*




*Talet på mjølkekyr i Rogaland utgjør 18 % av landet samla sett*




*Kyllingproduksjonen i Rogaland utgjør 21 % av nasjonal produksjonen*



*Talet på verpehøner i fylket er 27 % av talet for heile landet*



*Slaktegrisproduksjonen i Rogaland utgjør 28 % av landet*



*Talet på sau i Rogaland er 21 % av talet for heile landet*

*Figur 4: Oversikt over ulike produksjonar i Time i forhold til Rogaland og Norge*


Ved inngangen av 2016 var det 4379 mjølkekyr i Time<sup>4</sup>. Landsgjennomsnittet for produksjon per mjølkeku er 7500 liter i året. Mjølkekvoten i Time var vel 32 millionar liter. Ved inngangen av 2016 var det 4379 mjølkekyr (fordelt på 110 bruk), 818 ammekyr (fordelt på 53 bruk) og 9178 anna storfe (fordelt på 152 bruk).

Ved inngangen av 2016 var det 54 267 griser i kommunen fordelt over 66 bruk. I perioden 2006-2016 er talet på bruk gått ned med 28 %, mens talet dyr auka med 12 %. Det har også vore ein nedgang i talet på bruk med slaktegris i forhold til 2006 på 38 %. Totalt var det ved inngangen til 2016 52 bruk med til saman 13 933 slaktegris i Time. Auken i slaktegris sidan 2006 er på 10 %.

Slaktekylling er den produksjonen som har auka mest i prosent i Time. Talet på bruk har auka frå 2 i 2006 til 8 i 2016. Totalt var det 918 190 slaktekyllingar ved inngangen av 2016. Vidare er det 23 bruk med til saman 140 706 verpehøner. Det er to kommersielle rugeri for verpehøner i Norge. Begge desse er lokaliserte i Time.

I Time var det ved inngangen til 2016 totalt 13 133 sauer.

Tabellen under viser korleis produksjonen er fordelt på bruca. Dei fleste bruca har fleire produksjonar



Figur 5: Tal på bruk etter type husdyrproduksjon

I Time er trenden, som i Rogaland elles, at talet på bruk går ned samtidig som produksjonen aukar. Dette gjev for alle produksjonar eit høgare gjennomsnittstal dyr per bruk enn i 2006. Denne bruksrasjonaliseringa varierer noko per produksjon.


Bruk med mjølkeproduksjon går ned, men talet på mjølkekyr per bruk aukar (+58 %). Produksjonen per ku aukar også. Talet på ammekyr per bruk har auka dei siste ti åra (+34 %), medan talet på bruk har vore stabilt.

Talet på griser per bruk har auka med 56 % til 822 dyr per bruk. Talet på slaktegriser per bruk i Time har dei siste ti åra auka med 77 % til i gjennomsnitt 268 dyr per bruk.

I snitt er det i 2016 114 774 slaktekyllingar per bruk, ein auke på 66 % i forhold til 2006. Også når det gjeld verpehøns har talet på bruk gått ned, mens talet på dyr per bruk har auka med 46 % til 6117.


Når det gjeld anna storfe og sau har det samla vore ein nedgang i talet på dyr og på bruk, men talet på dyr per bruk har auka (+35 % og +23 %).

Det er lite produksjon av korn og grønsaker i kommunen, og arealet brukt til desse produksjonane varierer frå år til år først og fremst som følgje av tilgang på gras til fôr.



Figur 7: Tal på søkjarar om produksjonstilskott for korn, potet og grønsaker

<sup>4</sup>Statens landbruksforvaltning, liste over produksjonar 01.01.2016



Figur 6: Gjennomsnittleg tal på dyr per bruk for ulike produksjonar

I Norge er 1 % av matjord eigna for produksjon av matkorn. Det har vore ein stor nedgang i bruk som dyrkar bygg dei siste ti åra, frå 46 til 25 bruk. Samla areal til bygg var i 2016 på 2268 daa. Nokre dyrkar andre kornsortar som vert nytta til matproduksjon.

Det er eitt bruk i Time som driv med grønnsaksproduksjon. Arealet har gått frå 82 til 122 daa den siste tiårs perioden.

Talet på bruk som produserer poteter har gått mykje ned. Arealet til produksjonen er redusert frå 193 daa i 2006 til 88 daa i 2016.

Det var tre bruk med veksthus i 2006. I 2016 er det to bruk i kommunen.

I 2006 var det to bruk som dreiv med pelsdyr med totalt 984 dyr. I 2016 er der tre bruk som driv med pelsdyr med totalt 3260 dyr.

Kommunen har fire honningprodusentar.

Etterspørselen etter økologisk mat er aukande. Nasjonal målsetting for økologisk produksjon er 15 %. I 2016 var berre 1,1 % økologisk produksjon i Norge, mens 4,6 % av det totale jordbruksarealet vert brukt til økologisk produksjon. I 2016 er det eitt økologisk føretak i kommunen.

### 1.1.3 Skogbruk

Totalarealet med skog i Time er i overkant av 14 000 daa som utgjer 8 % av arealet i kommunen.

Dei viktigaste treslaga for tømmer og virkeproduksjon i Time er sitkagran, norsk gran og lerk. Juletre og pyntegrønt er små produksjonar.

## 1.2 utfordringar

### 1.2.1 Jordvern og matproduksjon

Jordvern er vern om produksjonsgrunnlaget til gardbrukarane og vern om landet sine avgrensa matproduksjonsareal. I Norge er berre 3 % av arealet registrert som dyrka jord, og av dette er berre 1 % eigna til kornproduksjon. Jordvern er eit viktig samfunnsansvar.

Det er typisk for samfunnsutviklinga i industrialiserte land at det skjer ei tilflytting til by- og tettstadsområde, og at byar og tettstadar ofte er etablerte i område med produktiv jord. Vidare utbygging fører derfor gjerne til at verdifulle jord- og skogsområde vert nedbygde og omdisponerte til andre formål.

Matproduksjon må ha høg prioritet for å dekkja innbyggjarane sine grunnleggjande behov. Befolkningsvekst, krig, uro og klimaendringar gjer at kampen om jordbruksareala og mattryggleik for komande generasjonar vert meir og meir aktuell.


Det er eit nasjonalt mål at matproduksjonen skal aukast med 20 % i perioden 2015-2030. I den nasjonale jordvernsstrategien (Stortinget 2015) er målet at innan 2020 skal den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje overstiga 4000 daa.

Rogaland har om lag 6,4 % av den dyrka jorda i Norge. I perioden 2005-2014 var det i snitt ei årleg omdisponering på 1200 dekar dyrka jord til andre formål. I 2015 var talet 1353 dekar. Dersom Rogaland skal oppfylla sin del av den nasjonale målsettinga kan ikkje omdisponeringa i fylket utgjera meir enn 256 dekar årleg. Dyrka jord i Time utgjer 7,9 % av dyrka jord i Rogaland. Skal Time oppfylla sin del av målet i den nasjonale jordvernsstrategien vil det bety at årleg omdisponering maksimalt kan vera 20 dekar.

I arealdelen av Kommuneplan for Time 2011-2022, Interkommunal kommunedelplan Bybandet sør 2013-2040 og reguleringsplan 0458 er det planlagt omdisponert 1301 dekar jordbruksareal. Av dette er 991 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord.

	Vedteke omdisponert, ikkje regulert (daa)	Vedteke omdisponert, under regulering (daa)	Ferdig regulert/ under utbygging (daa)	Sum areal omdisponert i gjeldande planar (daa)
Jordbruksareal	1039	137	125	1301
- Fulldyrka og overflatedyrka	790	103	98	991
- Innmarksbeite	249	34	27	310
Anna	834	48	48	930
Totalt areal	1873	185	173	2231

Tabell 1 : Omdisponering jordbruksareal i kommuneplanen 2011-2022, interkommunal kommunedelplan Bybandet sør 2013-2040 og reguleringsplan 0458. Utviding av fv. 44, omkjøringsveg Kvernaland og diverse gang- og sykkelveggar er vist i kommuneplan, men ikkje talfesta. Desse er derfor ikkje inkluderte her.



I perioden 2007-2016 har det i Time kommune vorte omdisponert om lag 1290 daa jordbruksjord.

Omdisponeringa var spesielt høg i 2010 og 2011 då mellom anna områdeplan for Re/Svertingstad vart vedtatt. Frå 2012 har omdisponeringa vore mindre, om lag 30 daa per år.

Figur 8: Omdisponering jordbruksjord i Time kommune i perioden 2007-2016 i dekar

Tabellen under viser kor mykje jordbruksjord i perioden 2007-2016 som har gått til dei ulike formåla:

Eit stadig aukande behov for utbygging har også i Time ført til ei omdisponering av matjord som kan gjera det vanskeleg å oppfylle dei nasjonale krava til jordvern, og kan påverka sjølvforsyningsgraden. Utbygging av kollektivtrasear og andre større samferdselsprosjekt kan føra til store omdisponeringar. Dobbelsporet frå Sandes til Egersund vil vera eit stort arealkrevjande prosjekt. Det er framleis stor usikkerheit om kva prosjekt som vert realisert, og når.

Det er den beste jorda i dei beste klimasonene som alt er dyrka. Nydyrking eller flytting av matjord kan derfor ikkje erstatta eksisterande, dyrka jord fullt ut.

Effektiviseringskravet i jordbruket, med behov for store arealkrevjande bygningar, samt at eldre gardsbygg i liten grad vert bygde om eller rivne, vil aleine kunna føra til nedbygging av meir enn 20 dekar årleg. Dermed fører sjølve jordbruksproduksjonen også til nedbygging av matjord. Ved bruksrasjonalisering der bustad og andre bygningar vert frådelt, vert det frådelte arealet ofte større enn bustadformålet krev.

Befolkningsvekst, klimaendringar, press på naturressursar og stigande råvareprisar gjer mattryggleik og beredskap stadig viktigare for oss. I framtida er det viktig at den landbaserte matproduksjonen fortset å auka, i takt med etterspurnaden til ein aukande befolkning.

Sjølvforsyningsgraden i Norge ligg i underkant av 50 %. Men når me tek omsyn til import av kraftfôr er ho berre 40 %. Prosentandelen varierer noko år for år, særleg som fylgje av kornproduksjonen.

Omdisponering jordbruksjord i perioden 2007-2016	Samferdsel	Bustad	Næring	Offentleg	Grøntstruktur	Ikkje spesifisert i perioden (2007-2009)	2007-2016
Dyrka etter pbl	29	102	240	107	118	198	794
Dyrkbar etter pbl	23	98	96		40	139	396
Dyrka etter jordlova		1				4	5
Dyrkbar etter jordlova		3				92	95
Sum	52	204	336	107	158	433	1290

Tabell 2: Avgang dyrka og dyrkbar jord i perioden 2007-2016 fordelt etter formål i dekar

## 1.2.2 Kulturlandskap

Fleire tusen år med jordbruksdrift gjev viktige kulturminne. Kommunen har rike fortidsfunn og landskapselement forma gjennom generasjonar, som steingardar, geilar og rydningsrøysar. Også bygningar kan vera viktige kulturlandskapselement, og det er få verneverdige bygningar att i kommunen.

I stadig meir intensivt drivne jordbruksområde er det ei utfordring å balansera bonden sitt ønske om større og meir samanhengande teigar og meir effektiv drift mot omsynet til verdiane i kulturlandskapet. Steingardar, åkerholmar, kantvegetasjon langs vassdrag og andre restareal gjev eit variert og vakkert kulturlandskap og dei er viktige for å sikra det biologiske mangfaldet.

Areala på Jæren er som oftast rike på stein, og dei mange steingardane er vorte eitt av dei mest kjende karaktertrekka ved kulturlandskapet. Vern av steingardar kan vera ei avgrensing til rasjonell drift.

Time har saman med nabokommunane Bjerkreim, Gjesdal og Hå nokre av dei største samanhengande områda med kystlynghei i Norge. Det er ei utfordring å oppretthalda heieområde og utmarksbeite til beitebruk, slik at områda ikkje gror att.

Det bølgjande landskapet er eit viktig element i kulturlandskapet. Effektivisering av produksjonen ved for eksempel masseuttak og massefyllingar kan over tid føra til utflating av landskapet.

Skogbruket må halda oppe mest mogleg av det eksisterande skogbruksarealet ved fornying av skogen etter hogst.

## 1.2.3 Miljø


Endringar i klimaforholda er ei hovudutfordring for landbruket. Auka temperatur og meir nedbør og vind, fråvær av frost om vinteren og meir nedbør i vekstsesongen gjev utfordringar. Ein følgje av dette kan vera soppangrep på avlingar, noko som aukar risikoen i produksjon av korn og grønsaker. Auka nedbør og flaum er også ei utfordring for produksjonen.



Drenering av myr og gjengroing av utmarks- og våtmarksareal kan føra til flaumskadar og store tap for biologisk mangfald.

Store samanhengande dyrka areal, oppdyrking og effektive maskinelle haustingsløysingar og tidlegare innhausting vert stadig meir vanleg. Dette gjer at dei udyrka, naturprega areala, som er leveområda for ei rekke ville planter, insekt, fuglar og dyr, stadig krympar.

Den store dyretettleiken i kommunen generelt og den kraftfôrkrevjande produksjonen spesielt, gjer at kravet til areal for spreining av gjødsel er stort. Dette kan verta ein avgrensande faktor for vidareutvikling av landbruksverksemda.



Figur 9: Årsnedbør i Time kommune i perioden 1996-2016  
Kilde: Meteorologisk institutt

Insekt og særleg humler er viktige for bestøving og utbreiing av mange planteartar. Fleire humleartar som er knytt til opne kulturlandskap er truga. Dette har blant anna samband med intensivisering av jordbruk og gjengroing av landskap.

Den omfattande jordbruksdrifta gjev auka tilførsel av plantenæring til vatn og vassdrag. Som resultat av dette framstår mange vatn på Låg-Jæren i vår tid som frødige kulturlandskapsjøar, med sivskogar og rikt fugleliv, men òg med problematiske algeblømingar i somme vatn. Det kan ha alvorlege konsekvensar for livet i bekkar, elvar og innsjøar.

Halvparten av alle vassførekomstar i kommunen oppnår ikkje god økologisk tilstand på grunn av for dårleg vasskvalitet. Det skuldast for høg tilførsel av næringsstoff. Landbruket er ansvarleg for 75-85 % av all tilførsel av næringsstoff. I løpet av dei siste ti åra har det ikkje skjedd vesentlege forbetringar av vasskvaliteten i kommunen. Frivillige miljøtiltak i landbruket har hatt positiv effekt, men har ikkje vore tilstrekkeleg til å motverka negativ effekt frå oppdyrking av nye areal og meir intensiv og konsentrert produksjon. Auka og meir konsentrert nedbør har også vesentleg negativ effekt på vasskvalitet på grunn av problem med erosjon og tap av jord.

Ein opplever at leigejord ofte ikkje får same skjøtsel som eigd jord. Dette kan gje utslag i form av meir ugras då det vert «for store» areal å skjøtta, og at større areal ikkje vert hausta i år med mykje nedbør. Som fylgje av at dette trengst større og tyngre maskinar når ein skal drifta større areal, noko som kan medføre større kjøreskader og jordpakking. Dette kan kompensast med vedlikehald/utbetring av grøfter, men sidan dette er kostnadskrevjande vert det fortare nedprioritert av leigar kontra eigar. Konsekvensane vert dårlegare utnytting av næringsstoffa i jorda, noko som ofte vert kompensert med sterkare gjødsling.

Driftseiningane i jordbruket med forskjellige teigar i lange avstandar frå driftssenteret og dei ulempene transporten mellom dei inneber, er ei miljø- og trafikkutfordring. Konsekvensar er vegslitasje og forureining for lokalmiljøet, samt høge kostnader for bruka.

Avfallssortering og sikker handtering av avfall er viktig for å redusera forureining og fare for skadar på dyr og biologisk mangfald. Det er ei utfordring at avfall ikkje kan handterast på eigen gard og at avstanden til stadar der næringsavfall vert handtert er stor. Dette kan føra til at maskinar, reiskapar, anna materiell og driftsavfall samlar seg opp på bruka.

Gjengroing er ein trussel mot eksisterande plante- og dyreliv, samtidig som landskapet vert meir utilgjengeleg. Det skuldast færre beitedyr, mindre menneskeleg påverknad av landskapet og endra klimaforhold.

#### 1.2.4 Friluftsliv og rekreasjon

Kulturlandskap er attraktive for rekreasjon og det er ei aukande interesse for friluftsliv og mosjon i naturen. Lett tilgjengeleg friluftsområde for innbyggjarane er verdifullt for folkehelsa. Samtidig gjev auka ferdsel nokre utfordringar både når det gjeld dyr som vert uroa og slitasje på kulturlandskapet. Noko av dette skuldast manglande kunnskap om ferdsel i natur- og kulturlandskap.

Det er også ei utfordring at tilgangen til nokre friluftsområde vert avgrensa av dyr på beite, hindringar og manglande tilrettelegging for friluftsliv.

Det kjem nye former for friluftsliv der etablerte grenser vert utfordra. Eksempel er terrengsykling og at friluftsområde i større grad vert tatt i bruk til trening. Dette kan gje utfordringar med slitasje på naturen, uroa dyr på beite og kan føra til konflikt mellom ulike brukargrupper.

I Time kommune er det ingen gardar som er tilrettelagt for at publikum kan koma på besøk. Det er vanskeleg for gardar i ordinær drift å opna for besøk på grunn smittevern og dyrehelse.

### 1.2.5 Risiko og sårbarheit

Klimautfordringane gjev auka risiko og sårbarheit for landbruket. Når klimaet endrast vil og plantane sine veksttilhøve endrast. Endringar i økosystema vil føra til endringar i biologisk mangfald. Endra vilkår for jordorganismar og pollinerande insekt vil ha direkte konsekvensar for planteproduksjonen.

Straum- og vassbrot kan få store konsekvensar, særleg for bruk med fjørfe- og svineproduksjon.

Brann og branntilløp er alvorleg for sikkerheita i landbruket. Ei undersøking gjort av Agri Analyse i 2015 viser at 3,6 % av bøndene har hatt tilløp til brann dei siste to åra. To tredjedelar av hendingane er knytt til elektrisk anlegg eller utstyr.

Landbruket i dag og framover krev store investeringar. Føreseielege rammevilkår er viktig for langsiktig drift. Rekruttering til sektoren er avhengig av det vert opplevd som attraktivt og framtidsretta å driva landbruk.

Det er gjort svært store investeringar på mange bruk dei seinare åra og gjeldsbyrden er høg. I Rogaland hadde vel 20 % av bruka ei gjeld på over 4 millionar kroner i 2014. For landet var tilsvarende tal 13 %. Det kan gjera at marginane for lønnsam drift er små dersom det vert endringar i rammevilkår som for eksempel renter eller tilskott.

Byråkratisering er ei utfordring innanfor landbruksnæringa. Auka krav til søknadar og dokumentasjon gjer at kvar bonde må bruka stadig meir tid og ressursar til administrativt arbeid.

Dyresjukdommar som vert overført med berarar som flått, mygg og knott, vil vera dei største utfordringane på dyrehelseområdet ved eit mildare klima. I tillegg kan auka tal på både ville og tamme dyr auka smittefaren mellom dyra. Utbrot av smittsame dyresjukdommar har store konsekvensar for det enkelte bruk og for heile lokalsamfunnet. Dyresjukdommar med stor smitterisiko og antibiotikaresistens vert ei stadig større utfordring.

Effektiviseringspresset og bruksrasjonaliseringa fører til redusert fagmiljø og større avstand mellom bruka. Bondeyrket vert meir einsamt med naturlege konsekvensar for arbeidsmiljøet. Det kan gje helseutfordringar for den enkelte.

Risikoen for dårleg husdyrhald er aukande mellom anna som følge av tøffare økonomi i næringa og einsemd i bondeyrket.

Landbruket er ein bransje som stadig er i endring og omstilling. Dette kan ha betydning for ulykkesrisiko og korleis ein kan førebyggja ulykker. Arbeidstilsynet sin statistikk viser at traktorulykker er den vanlegaste grunnen til alvorlege ulykker i landbruket. Fallulykker og ulykker med dyr fører også til relativt mange personskadar.

I tillegg til dei meir alvorlege ulykkene er bonden utsett for dagleg risiko knytt til belastingskadar, farlege stoff, maskinar og anna utstyr.

## 2. Målsettingar i landbrukspolitikken

### 2.1 Visjon

Landbruksnæringa i Time kommune skal vera livskraftig og framtidsretta.

Ei hovudretning i kommunen sin landbrukspolitikk er å leggja til rette for å ta vare på landbruk og kultur. Jordvern er kommunen sitt viktigaste verkemiddel for å sikra matproduksjon og landbruk. Landbruksområda på Jæren har eit særst godt jordsmonn og ligg i ei særleg veileigna klimasone. Jordvernet på Jæren og i Time kommune er derfor viktig også i nasjonal samanheng.

### 2.2 Jordvern og matproduksjon

Aktivt landbruk er viktig for å halda oppe og helst auka matproduksjonen, for sysselsetting, busetting og for å halda kulturlandskapet ved like. Det er ein føresetnad at alt produktivt areal er i drift og at kapitalkostnadane til bonden vert haldne nede.

Det er kommunen sitt ansvar å leggja til rette for at dei nasjonale måla og strategiane for jordvern kan nås. Time kommune er ein av dei største landbrukskommunane i fylket både målt i dekar jordbruksareal og produksjon. Bryne skal utviklast som eit kraftsentrum for jordbruk og jordbruksrelaterte næringer. Bryne skal vera jordbrukshovudstad i Noreg.

I samband med arealplanlegging vert det gjort grep for å ta vare på jordbruksareal. Langsiktig grense for landbruk og eventuell tilbakeføring av areal til landbruksformål vil vera avgjerande for landbruket i framtida.

Sentralisering i store driftseiningar er effektivt, men om målet er å sikra produksjonskapasiteten i ein situasjon der tilførselen frå utlandet vert redusert eller forsvinn vert også alle dei mange, små bruka i meir kuperte og tungdrivne område av vesentleg betydning. Alle gjev eit viktig bidrag til matproduksjonen.

For at mest mogleg av matjorda skal verta nytta direkte til matproduksjon, er ombygging eller riving av gamle, mindre tenlege bygningar eit viktig bidrag om ein gjer desse areala om til jordbruksareal. Ved bruksrasjonaliseringsaker er det viktig at mest mogleg av areala vert verande ein del av landbrukseigedommen og nytta til matproduksjon.

I forbindelse med nydyrking skal det leggjast vekt på driftsmessige gode løysingar og verknadar for natur- og kulturlandskapsverdiar. Kommunen kan også setja vilkår om vegetasjonssone mot vassdrag og etablering av reinseparkar.

For å oppretthalda og styrka matproduksjonen må det vera ei regional satsing å stimulera til vern og meir intensiv bruk av beite- og utmarksareala, og til mindre bruk av kraftfôr. I Regionalplan for landbruk (2011) er eitt av måla å auka beitebruken av både småfe og storfe. Dette er også knytt opp i mot moglegheitene som ligg i økologisk og kortreist produksjon.

Sjølv om økologisk produksjon i Time er liten, vil det kunna vera ei framtidig nisje. Landbruksorganisasjonane deltek i eit samarbeid for å stimulera til auka produksjon i Norge. Målet er å oppnå 15 % økologisk produksjon på landsplan innan 2020.

### Dette ønskjer me

- Ta vare på matjorda - jordvern
- Støtta nydyrking av eigna areal
- Bruka all tilgjengeleg matjord til matproduksjon
- Minimera omdisponeringa av dyrka areal til bustad-, nærings- og vegformål
- Fremja gode driftsvilkår ved å arbeida for god samanheng i teigstrukturen
- Støtta opp under landbruksorganisasjonane sitt prosjekt ØKOLØFT og Norsk Landbruksrådgiving sitt arbeid for å rekruttera nye økologiske produsentar

### Slik vil me gjera det

- Oppretthalda «langsiktig grense» for landbruk som minimum
- Vurdera reversering av areal avsett til utbygging ved revisjon av arealdelen
- Byggja ut gjennom transformasjon og fortetting

- Ha ei restriktiv haldning til oppføring av nye bygningar i LNF-områda for å redusera presset på matjord
- Bruka lovverket aktivt for å få robuste landbrukseigedommar
- Ha ei positiv haldning til bruksrasjonalisering
- Ha ei restriktiv haldning til anna næringsetablering i LNF-områda
- Stimulera til nydyrking av eigna areal
- Stimulera til drenering og jordforbetring av dyrka areal
- Fokusera på variert bruksstruktur
- Greia ut moglegheiter for bruk av kortreiste og økologiske matvarer i kommunale verksemder
- Informera aktuelle produsentar om moglegheiter for økologisk landbruk
- Informera om støtteordningar ved beitebruk

### 2.3 Kulturlandskap

Time har eit rikt og variert kulturlandskap som er viktig å ta vare på både som grunnlag for variert landbruksdrift og som ein kvalitet i lokalsamfunnet.

Riving av steingardar, fjerning av åkerholmar, fjerning av rydningsrøyser og etablering av masseuttak og -deponi er eksempel på inngrep i kulturlandskapet. Ved behandling av søknad om slike inngrep legg kommunen vekt på verknader for driftsmessig gode løysingar, kulturminne, landskapsbilde og biologisk mangfald.

Trea sin evne til å binda CO<sub>2</sub> er viktig for klimaet. Det er strenge lovkrav til skogbruk og planting. Forutan å produsera trevirke, er skogane viktige for rekreasjon, dyreliv og livd. Dei er med på å skapa mangfald i landskapet, og er blant dei viktigaste turområda i Time. Det er ikkje venta vesentleg auke av skogarealet i kommunen. Tilplanting av hogstflatar, utskifting av krattskog og pleie av ung skog er prioriterte område for å oppretthalda skogarealet.

Til investeringar har ein tilskottsordningane «Spesielle miljøtiltak i landbruket» (SMIL) og «Nærings- og miljøtiltak i skog» (NMSK). Regionalt miljøprogram (RMP) er eit sett med ulike drifts- og skjøtseltilskot som bonden har rett på når visse kriterium er oppfylte. Kommunen er ansvarleg for å laga retningslinjer for kva som skal prioriterast innanfor SMIL og NMSK ordningane.

### Dette ønskjer me

- Bevaring gjennom bruk
- Kulturlandskap skal vera ein ressurs for både bonden og lokalsamfunnet
- Ta vare på steingardar, bygningar, rydningsrøyser og andre viktige element i kulturlandskapet
- Sikra rask forynging eller etablering av beite etter skoghogst
- Stimulera til ivaretaking av kulturlandskapet gjennom rettleiing om tilskottsordningar

### Slik vil me gjera det

- Ta omsyn til kulturlandskapet ved behandling av søknadar om masseuttak og -deponi
- Leggja til rette for målretta bruk av tilskottsordningane «Spesielle miljøtiltak i landbruket» (SMIL) og «Nærings- og miljøtiltak i skog» (NMSK) og «Regionalt miljøprogram» (RMP)
- Bevisstgjer og haldningsskapande arbeid knytt til kulturminne og kulturlandskap
- Gje rettleiing i forbindelse med søknad om inngrep i kulturlandskap og konsekvensar for eventuelle brot på regelverket.

## 2.4 Miljø

Landbruksnæringa er svært sårbar når det gjeld miljø- og klimaendringar. Eit våtare klima vil gje utfordringar for landbruket. Kommunen har eit ansvar å sjå til at planlegging av nye anlegg og bustadområde tek omsyn til overvassproblematikken.

Eigarane av landbrukseigedommar har eit stort ansvar når det gjeld å ta vare på kulturlandskapet, biologisk mangfald, vasskvalitet og rekreative verdier. Kommunen må støtta eigarane med relevant informasjon om eventuelle bandleggingar og aktuell miljøtilstand. Det å stimulera til samarbeid mellom eigarar og andre interessegrupper og å oppmoda eigarane til å planleggja og etablere miljøtiltak i landbruket er ei viktig kommunal oppgåve. Tilsyn og kontroll med landbruksarealet er viktig for å ta vare på naturverdier, kulturminne og rekreative verdier.

Eit aktivt landbruk med mange eigarar spreitt rundt i heile kommunen kan forhindra at landskapet gror igjen. Kommunen må aktivt støtta dei som driv med beiting og skjøtsel av utmark.

Dei som driv meir intensivt må støttast i sitt arbeid for å driva eit meir miljøvennleg landbruk. Kommunen må informera om regelverk og støtteordningar og heile tida ha eit tett samarbeid med landbruksrådgjevinga.

Insekt og særleg humla er ein svært viktig pollinator som bestøvar mange planteartar og er dermed viktig for biologisk mangfald. Pollinerande insekt sin eksistens har også betydning for andre insekt og fuglar. Særleg humleartar som lever i det opne kulturlandskapet er sjeldne og truga.

Avfallssortering og sikker handtering av avfall er viktig for å redusera forureining og fare for skadar på dyr og biologisk mangfald.

Meir miljøvennleg gjødselspreiing fører til betre opptak av næringsstoff i jorda, mindre gassutslepp, avrenning og lukt.

Etablering av biogassanlegg kan mellom anna bidra til å løysa utfordringar knytt til tilgang på spreieareal. Slike anlegg kan variera frå små gardsanlegg til store produksjonsanlegg.



## Dette ønsker me

- Stimulera til reduksjon av forureining frå landbruket
- Gjenoppretta naturlege vassdragsmiljø
- Stimulera til skjøtsel av våtmarksareal og lynghei
- Sikra varig vern av areal som er viktig for det biologiske mangfaldet generelt og humlene spesielt
- Skapa forståing i lokalsamfunnet for verdien av det biologiske mangfaldet

## Slik vil me gjera det

- Ved nydyrking og andre inngrep i kulturlandskapet må ein ta omsyn til konsekvensar for dei tilgrensande områda
- Informera og rådgi om tilskot til miljøtiltak

- Etablera kommunal tilskottsordning som utløyser statleg tilskott for å motverka erosjonsskadar og gjenoppretting av vassdragsmiljø
- Setja ut humlekassar, etablera blomsterenger på offentlege areal og utsetja kantslått til etter bløming
- Setja i verk informasjonstiltak om humler og andre pollinatorar
- Minka og slutta med bruk av sprøytemiddel på kommunen sine areal
- Støtta opp under initiativ til etablering av lokale eller regionale biogassanlegg
- Redusera visuell forsøpling og miljøforureining for å hindra skade på naturverdiar, kulturminne og friluftsområde



## 2.5 Friluftsliv og rekreasjon

Landbruket har ei særleg viktig rolle som forvaltar av skog, utmark, kulturlandskap og landbruksvegar. For å sikra eit godt tilbod for friluftsliv, samtidig som næringa sine interesser vert ivaretatt, er det viktig at grunneigarane og landbruksorganisasjonane vert tatt med i prosessar knytt til friluftsliv og rekreasjon.

Allemannsretten gjev vide moglegheiter til meningsfulle og attraktive fritidsaktivitetar i naturen. Samtidig har alle som ferdast i naturen plikt til å opptre varsamt og omsynsfullt for å ikkje volda skade eller ulempe for grunneiger eller andre, eller påføra miljøet skade. Dette vert ofte omtalt som «Allemansplikta». Det er behov for å auka kunnskapen om kva omsyn ein må ta, og kva oppførsel som er akseptabel når ein ferdast i naturen.

Tilrettelegging for friluftsliv skal ivareta kvalitet på opplevingane, bidra til minst mogleg miljøbelastning, konflikt og slitasje på landskapet, samt ikkje føra til unødige inngrep i naturmiljøet og kulturlandskapet.

Tilrettelegging for friluftsliv må skje i samarbeid mellom grunneigarar, friluftsråd, lokale lag og kommunen.

Kommunen vil støtta opp om tiltak som bidreg til å auka kjennskapen til landbruk og matproduksjon lokalt. Dette kan skje gjennom tilrettelegging for reiseliv, besøk eller velferdstiltak på gard og i landbruksområde.

### Dette ønskjer me

- God dialog med grunneigarar og organisasjonar om tilrettelegging for friluftsliv
- Gjera allemannsretten og -plikta godt kjent i kommunen
- Sikra god forvaltning av naturgrunnlaget i friluftsområde
- Sikra tilstrekkeleg areal til friluftsliv
- Bidra til kunnskap om lokalt landbruk og matproduksjon

## Slik vil me gjera det

- Samarbeida med grunneigarar og friluftslivsorganisasjonar om tilrettelegging for friluftsliv og auke i talet på turvegar
- Vurdera gjeldande grunneigaravtalar/tilskotsordningar til turvegar/friluftsområde minst kvart 3. år
- Setja allemannsretten og -plikta på dagsorden
- Formidla oppdatert informasjon om stadar for friluftsliv og natur- og kulturverdiar
- Leggja til rette for gardsbesøk og utflukter som gjev elevar kunnskap om landbruket
- Samarbeida om å marknadsføra og leggja til rette for arrangement, for eksempel «open gard»

## 2.6 Risiko og sårbarheit

Tilgang på mat er ein vesentleg faktor, og særleg i ein eventuell krisesituasjon. Redusert sjølvforsyningsgrad i landet tilseier at det må vera auka fokus på å oppretthalda og styrka jordbruksproduksjonen.

Risikoen for utbrot av farleg, smittsam dyresjukdom er liten, men konsekvensane kan vera store. Mattilsynet har det overordna ansvaret for dyrevelferda og handteringa av konsekvensane ved eit eventuelt sjukdomsutbrot. Kommunen har eiga beredskapsgruppe som skal hjelpa Mattilsynet i dette arbeidet.

Både næringa og offentleg mynde må bidra til at dyrevelferd generelt står sentralt i alle ledd i verdikjeda. I møte med bøndene er kommunen oppteken av dyrevelferd.

Møteplassar og nettverk er god førebygging for einsemd i ein utsett bransje. Samtidig gjev dette grunnlag for kunnskapsdeling og kompetanseheving mellom bøndene.



Utvikling av antibiotikaresistens er ei av dei største helseutfordringane i vår tid. Mattilsynet og helsestyresmakta har hovudansvaret for dette. Landbruksnæringa kan følgja opp med konkrete og målretta tiltak som reduserer behovet for antibiotika.

Det er stor usikkerheit om framtidige klimaendringar, både når det gjeld størrelse og tidspunkt. Ein stor del av planlegging og investeringar i landbruket har langsiktig karakter og det er viktig å tilpassa seg i tide. Samtidig kan ein ikkje setja i verk tiltak nå for hendingar eller endringar som først vil skje om fleire tiår. Kunnskap om kva tiltak som bør setjast i verk nå, og kva tiltak som i større grad representerer ein beredskap for framtidig utvikling er viktig.

Bonden har eit eige ansvar for at arbeidsmiljøet på bruket er i samsvar med arbeidsmiljølova. Det inneber å leggja forholda til rette gjennom nødvendig opplæring og informasjon, slik at dei som arbeider på garden ikkje vert utsette for fare.

Det er avgjerande for brannsikkerheita med eit godt brannvarslingsanlegg, umiddelbar tilgang til vatn til bruk ved slokking og at det er kjent for bonden kor brannkummane er. Kommunen kan bidra med skilting av brannkummar, merking og oppgradering. Sidan brann på gardsbruk oftast kjem frå elektriske anlegg, er kontroll og vedlikehald viktige førebyggjande tiltak.

Kommunen har ansvar for å levera vatn der bruka er tilkopla offentleg nett. Det er viktig at kommunen er kjent med behovet for vatn på det enkelte bruk for å kunna ta omsyn til dette i beredskapsplanlegginga.

## Dette ønskjer me

- Leggja til rette for kompetanseheving innan klimatilpassing i landbruket
- Fremja gode driftsvilkår ved å arbeida for god samanheng i teigstrukturen
- Auka fokus og kompetanse på førebygging av ulykker, skadar, dyresjukdommar og dyrevelferd
- Skapa møteplassar og kontaktpunkt med næringa og den enkelte bonde
- Leggja til rette for tiltak som kan betra bonden sin arbeidskvardag

## Slik vil me gjera det

- Rådgeving om klimatilpassing ved planlegging av nye bygg på bruka
- Samarbeida om beredskapsøving på smittsame dyresjukdommar
- Informera om smittefare og smittevern
- Kartleggja område der det ikkje er lov å grava ned smitta dyr
- Ha beredskap for vasstilførsel ved svikt i kommunalt nett
- Ha oppdaterte kart og informasjon om brannkummar på kommunen sine nettsider
- Faste møte med bondelaget og treff for nyetablerte bønder
- Samarbeida med bønder og bondeorganisasjonane om etablering av praksisplassar
- Vera ein pådrivar for at bøndene sitt administrative arbeid kan haldast på eit så lågt nivå som mogleg

### 3. Handlingsprogram

Handlingsprogrammet inneheld ein del tiltak som har økonomiske konsekvensar. Prioritering av desse vert gjort i økonomiplanen.

Det går fram i kolumna Ansvar kven som har hovudansvar for å setja i verk tiltaka. Dei ulike avdelingane er forkorta slik: LMKV=Landbruk, miljø og kulturvern, PLF=Plan- og forvaltning, TK= Kommunalteknikk og KOM=Kommunikasjonsavdelinga

Slik vil me gjera det	Tiltak	Ansvar
<b>Jordvern og matproduksjon</b>		
Oppretthalda langsiktig grense for landbruk som minimum	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innarbeidast i arealdelen til kommuneplanen</li> </ul>	PLF
Vurdera reversering av areal avsett til utbygging i arealdelen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Synleggjera vurderingar i arealdelen</li> </ul>	PLF
Byggja ut gjennom transformasjon og fortetting	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innarbeidast i arealplanar</li> </ul>	PLF
Ha ei restriktiv haldning til oppføring av nye bygg i LNF-områda for å redusera presset på matjord	<ul style="list-style-type: none"> <li>Stimulera til ombygging eller riving av gamle bygningar</li> <li>Motivera til gjødsellager under driftsbygning</li> <li>Informera om alternativ grovfôrlagring</li> <li>Streng behovsvurdering ved søknad om hus nr. 2 på garden</li> </ul>	LMKV PLF
Bruka lovverket aktivt for å få robuste landbrukseigedommar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fokus i deling og konsesjonssaker:               <ul style="list-style-type: none"> <li>heilskap i teigstrukturen</li> <li>transportavstand</li> <li>økonomi</li> <li>bevaring av verdiar i næringa</li> </ul> </li> </ul>	LMKV PLF
Ha ei positiv haldning til bruksrasjonalisering	<p><b>Bruksrasjonaliseringar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Frådeling av tun ved sal av resteigedommen som tilleggsjord til nabobruk, kan vurderast der ein oppnår ein god bruksrasjonalisering av samfunnsmessege vekt.</li> <li>Storleiken på frådelte tun skal avgrensast til bustad med tomt. Frådelt tun skal ikkje inkludera jordbruksareal. Tilleggsjorda skal seljast til nærliggjande bruk.</li> </ul>	LMKV

Slik vil me gjera det	Tiltak	Ansvar
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Driftsbygningar skal ved frådelling som hovudregel følgja tilleggsjorda. Driftsbygningen sin plassering i det omsøkt frådelt tunet skal likevel vurderast, med omsyn til dei andre bygningane, tryggleik for bebuarar og framtidig effektiv landbruksdrift.</li> <li>• For driftsbygningar med liten drifts- og/eller samfunnsmessig verdi, skal det vurderast vilkår om riving for delingssamtykket.</li> </ul>	
Ha ei restriktiv haldning til anna næringsetablering i LNF-områda	<p><b>Gardstilknytta næring</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gardstilknytta tilleggsnæring må ikkje vera til vesentleg ulempe for omkring liggjande eigedommar og må vera knytt til landbrukseigedomen.</li> </ul> <p><b>Alternativ bruk av ledige driftsbygningar på landbrukseigedom</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk av bygningar til verksemd ut over gardstilknytta næringsverksemd (stadbunden næring), tillatast som hovudregel ikkje.</li> <li>• Omsynet til landbruksdrift i området og garden sitt ressursgrunnlag skal leggjast til grunn som den overordna interessa ved vurdering av søknadar om bruksendringar.</li> <li>• Bruk til formål som krev større og varige investeringar i eksisterande bygg, tillatast ikkje.</li> <li>• Godkjent bruksendring bør gjevast for tidsavgrensa periode, ikkje varig endring.</li> </ul>	LMKV PLF
	<p><b>Alternativ bruk av ledige driftsbygningar på frådelt tun</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruksendring av eksisterande driftsbygningar, kan vurderast. Bruken må vera foreinlig med landbruksinteressene i området. Seinare oppføring av nybygg eller utviding av eksisterande driftsbygning tillatast ikkje.</li> <li>• Bruk til formål som krev større og varige investeringar i eksisterande bygg kan tillatast.</li> </ul>	

Slik vil me gjera det	Tiltak	Ansvar
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruksendring til publikumsretta verksemd tillatast som hovudregel ikkje. Dersom bruksendringa omfattar denne typen tiltak skal ein forenkla mobilitets- eller trafikkanalyse fylgja søknaden</li> <li>• Godkjente bruksendringar bør gjevast for ein tidsavgrensa periode, og ein varig endring vurderast etter at den tidsavgrensa perioden er gått ut og drifta ikkje har skapt konflikstar med m.a. naboar / landbruksdrifta.</li> </ul>	
Stimulera til nydyrking av eigna areal	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved søknad om nydyrking vert det lagt vekt på: <ul style="list-style-type: none"> <li>- søkjar sitt behov</li> <li>- kultur- og naturmangfaldsinteresser</li> <li>- behov for reinsepark</li> </ul> </li> </ul>	LMKV
Stimulera til drenering og jordforbetring av dyrka areal	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informera om tilskottsordning for drenering</li> <li>• Vurdera massepåfylling som eit jordforbetringstiltak</li> <li>• Involvera Norsk landbruksrådgivning</li> </ul>	LMKV
Fokusera på variert bruksstruktur	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved vurdering av søknad om konsesjon vert det lagt vekt på pris i forhold til teigstruktur</li> <li>• Gje råd om alternativ produksjon som byggjer opp under variert bruksstruktur</li> <li>• Støtta opp om bønder som ønskjer å leggja til rette for «grøn omsorg»</li> </ul>	LMKV Omsorg Oppvekst
Greia ut moglegheiter for bruk av kortreiste og økologiske matvarer i kommunale verksemdar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undersøkja tilgang</li> <li>• Vurdera som krav i anbodsdokument</li> </ul>	Innkjøpsleiar, kantiner, sentral- kjøkken
Informera aktuelle produsentar om moglegheiter for økologisk landbruk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Infoskriv</li> <li>• Kommunen si nettside og andre kanalar</li> <li>• Direkte rettleiing</li> </ul>	LMKV KOM
Informera om støtteordningar ved beitebruk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Infoskriv</li> <li>• Kommunen si nettside og andre kanalar</li> <li>• Direkte rettleiing</li> </ul>	LMKV

Slik vil me gjera det	Tiltak	Ansvar
<b>Kulturlandskap</b>		
Ta omsyn til kulturlandskapet ved behandling av søknadar om masseuttak og –deponi	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved søknad om deponi vert det ikkje gjeve løyve i: <ul style="list-style-type: none"> <li>- regionale grøntdrag</li> <li>- myr</li> <li>- ugjødsla beite</li> <li>- våtmark</li> </ul> </li> <li>• Det skal tas særleg omsyn til om inngrepa påverkar lineføringar i landskapet</li> <li>• Retningslinjer/-uttak vert utgreia i samband med revisjon av arealdelen</li> </ul>	PLF LMKV
Leggja til rette for målretta bruk av tilskotsordningane «Spesielle miljøtiltak i landbruket» (SMIL) og «Nærings- og miljøtiltak i skog» (NMSK) og «Regionalt miljøprogram» (RMP)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prioritera tiltak som fremjar det typiske jærlandskapet, tek vare på kulturminne og fremjar estetiske verdiar i kulturlandskapet</li> <li>• Informera om ordningane og søknadsfristar</li> </ul>	LMKV
Bevistgjerjing og haldningsskapande arbeid knytt til kulturminne og kulturlandskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Infoskriv</li> <li>• Tema på årlege møte</li> </ul>	LMKV KOM
Gje rettleiing i samband med søknad om inngrep i kulturlandskap og konsekvensar for eventuelle regelbrot	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved søknad om riving av steingardar vert det normalt ikkje gitt løyve for: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skiftegardar og steingardar der arealet på teig er større enn 20 dekar</li> <li>- doble steingardar og steingard som inngår i større kulturmiljø</li> <li>- mellom ulike type areal</li> <li>- godt synlege steingardar, for eksempel langs hovudveggar</li> </ul> </li> <li>• Ved søknad om fjerning av rydningsrøyser vert det lagt vekt på vern av viltkorridorar og biologisk mangfald, særleg i dei mest intensive jordbruksområda</li> </ul>	LMKV
<b>Miljø</b>		
Ved nydyrking og andre inngrep i kulturlandskapet må ein ta omsyn til konsekvensar for dei tilgrensande områda	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytt synfaringar som ein del av kunnskapsgrunnlaget ved behandling av søknad</li> <li>• Tiltak i myr registert som naturtype i Naturbasen skal ikkje godkjennast</li> <li>• For anna myrareal vert konsekvensen for overvatn, biologisk mangfald og klimagassar lagt til grunn</li> </ul>	LMKV PLF

Slik vil me gjera det	Tiltak	Ansvar
Informera og rådgje om tilskot til miljøtiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informera og rådgje om tilskot til:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- reinseparkar</li> <li>- gjødsselfrie kantsoner</li> <li>- miljøvennleg gjødsling</li> <li>- tilrettelegging for fuglar i hekketida</li> <li>- andre tiltak</li> </ul> </li> <li>• Informasjon og råd vert gjeven gjennom:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- utarbeiding av tiltaksplanar</li> <li>- møte</li> <li>- informasjonsskriv</li> <li>- kommunen si nettside og andre kanalar</li> </ul> </li> </ul>	LMKV KOM
Etablere kommunal tilskottsordning som utløyser statleg tilskott for å motverka erosjonsskadar og gjenoppretting av vassdragsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innarbeida dette tiltaket i økonomiplanen</li> <li>• Informera om tilskottsordninga</li> <li>• Rettleia aktuelle søkjarar</li> </ul>	LMKV
Setja ut humlekassar, etablere blomsterenger på offentlege areal og utsetja kantslått til etter bløming	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdera å endra «Sukkertoppen» og andre passande offentlege areal frå plenareal til blomstereng og setja ut humlekassar på desse</li> <li>• Første kantslått utførast innan juli og andre kantslått innan oktober</li> <li>• Informera om tiltak og tidspunkta</li> <li>• Kampanje for å engasjera innbyggjarane</li> </ul>	TK KOM LMKV Oppvekst
Setja i verk informasjonstiltak om humler og andre pollinatorar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen si nettside og andre kanalar</li> </ul>	TK, LMKV, KOM
Fasa ut bruk av sprøytemiddel på kommunen sitt areal	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka varmt vatn/damp til bekjemping av ugras ved barnehagar, skular og anna offentlege areal</li> <li>• Kampanjar for å engasjera innbyggjarar i tiltak mot ugras</li> </ul>	TK KOM LMKV Oppvekst
Støtta opp under initiativ til etablering av lokale eller regionale biogassanlegg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppmoda fylkesmannen til å fremja gode rammevilkår for biogassanlegg</li> <li>• Informera aktivt om ordningar</li> <li>• Ved søknad om etablering av anlegg vil kommunen vera positiv</li> <li>• Vurdera moglegheiter for tilkopling til biogassanlegg ved arealplanlegging</li> </ul>	LMKV PLF
Redusera visuell forsøpling og miljøforureining for å hindra skade på naturverdiar, kulturminne og friluftsområde	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon</li> <li>• Ta det opp ved tilsyn</li> <li>• Leggja til rette for deponering av næringsavfall</li> </ul>	LMKV TK PLF KOM

<b>Slik vil me gjera det</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
<b>Friluftsliv og rekreasjon</b>		
Samarbeida med grunneigarar og friluftslivsorganisasjonar om tilrettelegging for friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha halvårlege møte med Bondelaget</li> <li>• Ha årleg fellesmøte med grunneigarar- og friluftslivsorganisasjonar</li> <li>• Skaffa gjerdeklyvarar</li> <li>• Ha oppdaterte grunneigaravtalar</li> <li>• Tilskotsnivået til turveggar/friluftslivsområde må ha auka merksemd i økonomiplanarbeidet</li> </ul>	LMKV KOM
Setja allemannsretten og -plikta på dagsorden	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeida med landbruks- og friluftslivsorganisasjonar om informasjonstiltak</li> <li>• Tilby informasjon til skular og barnehagar</li> <li>• Informera på kommunen si nettside og andre kanalar</li> <li>• Informera gjennom Ti turar i Time</li> </ul>	LMKV KOM Oppvekst
Formidla oppdatert informasjon om stadar for friluftsliv og natur- og kulturverdiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Merka, skilta og marknadsføra Ti turar i Time</li> <li>• Merka, skilta og marknadsføra friluftsområde og område med andre natur- og kulturverdiar</li> <li>• Informera på kommunen si nettside og andre kanalar</li> </ul>	LMKV KOM Kultur
Leggja til rette for gardsbesøk og utflukter som gjev elevar kunnskap om landbruket	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtta opp om Bondelaget sine tiltak</li> </ul>	Oppvekst LMKV
Samarbeida om å marknadsføra og leggja til rette for arrangement som for eksempel «open gard»	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtta opp om Bondelaget sine tiltak</li> </ul>	LMKV KOM
<b>Risiko- og sårbarheit</b>		
Rådgeving om klimatilpassing ved planlegging av nye bygg på bruka	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rådgeving ved søknad</li> </ul>	PLF LMKV
Samarbeida om beredskapsøving på smittsame dyresjukdommar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeida med Mattilsynet, Fylkesmannen og nabokommunane om gjennomføring av beredskapsøving</li> </ul>	KOM ROS LMKV
Informera om smittefare og smittevern	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka nettside og andre kanalar til å informera og skapa større forståing hos innbyggjarane</li> <li>• Bruka infoskriv, nettside og andre kanalar for å nå bøndene</li> </ul>	KOM LMKV

<b>Slik vil me gjera det</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
Kartleggja område der det ikkje er lov å grava ned smitta dyr	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga kart over områda der det ikkje er lov å grava ned smitta dyr</li> <li>• Gjera karta tilgjengelege på nettsida</li> </ul>	LMKV PLF Kommune- overlegen
Ha beredskap for vasstilførsel ved svikt i kommunalt nett	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha oppdatert oversikt over sårbare abonnentar</li> <li>• Få oversikt over dei som ikkje har tosidig vassforsyning</li> </ul>	IVAR
Ha oppdaterte kart og informasjon om brannkummar på kommunen sine nettsider	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppdatera karta</li> <li>• Gjera informasjonen tilgjengeleg på kommunen sine nettsider</li> <li>• Senda ut kart til kvart enkelt bruk</li> </ul>	IVAR
Faste møte med bondelaget og treff for nyetablerte bønder	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Halvårleg møte med Bondelaget</li> <li>• Årleg møte med nyetablerte bønder</li> </ul>	LMKV
Vera ein pådrivar for at bøndene sitt administrative arbeid kan haldast på eit så lågt nivå som mogeleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje innspel til overordna mynde</li> </ul>	LMKV

# 4 Strategi for tildeling av SMIL-midlar 2016-2020

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar) er å fremja natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusera forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar. Vilkår er regulert av forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

## 4.1 Prioritering av tiltak

SMIL-strategien til Time kommune byggjer på

- *Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (FOR-2004-02-04-448)*
- *Rundskriv 2015-17- Landbruksdirektoratet*
- *kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel*
- *kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026*

Prioriteringar av søknadar vert gjorde i samsvar med Kulturminneplanen, område knytt til eldre kulturveggar, ”Kartlegging av naturtypar i Time kommune” og tiltaksplanar for vassdraga i kommunen.

I Time kommune er fire hovudformål prioriterte innan ramma for tilskotsordninga:

### I Reduksjon av næringsinnhald i vassdrag

Prioriterte tiltak:

- redusera avrenning og ureining til vassdrag
- motverka erosjonsskadar/tap av jordpartiklar til vassdrag

Det vert lagt vekt på kostnadseffektivitet og plassering. Tiltak i vestre lågareliggjande område av kommunen med høg del dyrka mark og beite i nedbørsfeltet vert prioriterte.

### II Ta vare på bygningar og anlegg av kulturhistorisk verdi

Prioriterte tiltak:

- freda og verneverdige bygningar og anlegg
- restaurering av steingardar og eldre kulturveggar

### III Skjøtta og ta vare på kulturlandskapet

Prioriterte tiltak:

- ta vare på landskap som er typiske for Jæren
- kulturlandskap med særleg estetisk verdi
- ta vare på det biologiske mangfaldet

Skjøtsel av kystlynghei, rydding av eldre kulturmark og tiltak for å ta vare på biologisk mangfald i kulturlandskapet vert prioritert.

### IV Tilrettelegging for friluftsliv

Prioriterte tiltak:

- tilgjenge og tilrettelegging for rekreasjon i kulturlandskapet
- forvaltning og skjøtsel av område av interesse for friluftsliv

Det kan mellom anna gjevast støtte til å byggja turveggar, ridestiar, parkeringsplassar og oppsettjing av infoskilt. Det kan også gjevast støtte til å settja opp grunder og gjerdeklyvarar for å letta tilkomst og hindra ulemper for gardsdrifta. Tiltak som fører til samanhengande løyper vert prioriterte.

### V Fellesiltak – planleggings- og tilretteleggingstiltak

- inkluderer fleire av dei prioriterte tiltaksgruppene
- gjeld fleire eigedommar og større område

## 4.2 Prioritering av midlar

Rettleiande fordeling av midlane mellom tiltaksgruppene:

Tiltaksgruppe	Del av midlar	Rettleiande øvre tilskottsnivå per tiltak
<b>I. Reduksjon av næringsinnhald i vassdrag</b>	45 %	70 % <sup>5</sup>
<b>II. Ta vare på bygningar og anlegg av kulturhistorisk verdi</b>	30 %	40 %
<b>III Skjøtta og ta vare på kulturlandskapet</b>	5 %	70 %
<b>IV Tilrettelegging for friluftsliv</b>	15 %	70 %
<b>V Fellestiltak</b>	5 %	100 %

Det er sett eit rettleiande øvre tilskottsnivå per tiltak innanfor kvar tiltaksgruppe. Til sær gode prosjekt kan det ytast eit høgare tilskot. For planlegging av tiltak som grunneigar ikkje får personleg nytte av vil midlane normalt dekkja heile kostnaden. Prosjekt som er lågare prioritert eller som får midlar gjennom andre kanalar, kan få eit lågare tilskot.

<sup>5</sup>Når reinsparkar vert bygde som eit pålegg i tilknytning til nydyrking, er øvre tilskottsnivå 50 %

# 5 Strategi for NMSK-midlar 2016-2020

Formålet med tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivaretekne og vidareutvikla. Vilkår er regulert av forskrift for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

## 5.1 Prioritering av tiltak

NMSK-strategien til Time kommune byggjer på:

- *Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (FOR-2004-02-04-447)*
- *kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel*
- *kartlegging av naturtypar*

Skogsatsing bør sjåast i samanheng med kravet i skoglova om planting innan tre år etter hogst, dersom arealet ikkje vert omdisponert til anna bruk. Tilskot vil vera eitt middel til å oppretthalda det skogarealet som er i Time kommune, og styrkja det biologiske mangfaldet. Satsane som fylkesmannen tilrår vil vera retningsgjevande for storleiken på tilskotet.

Prioriterte tiltak:

- fornying av eksisterande skog
- tilplanting av gjengroingsareal
- ungskogpleie
- miljøtiltak
- biologisk mangfald

Det vert ikkje gjeve tilskot til skogplanting på dyrka mark.

## 5.2 Prioritering av midlar

Rettleiande fordeling av midlane:

Tiltaksgruppe	Del av midlar	Rettleiande øvre tilskotsnivå per tiltak
Planting, rydding og ungskogpleie	100 %	60 %

Det er sett eit rettleiande øvre tilskotsnivå per tiltak. Til sær gode prosjekt kan det ytast eit høgare tilskot.

